



Unge veljarar

Magnus Aarskog



Kjære politikar

Då er det min tur til å snakke til våre politikarar. Eg synest det er litt vanskeleg å finne noko å skrive om, men eg har vel som alle andre nokre meiningar om korleis ting skal vere. Sist gong eg sjekka kven som sit i kommunestyret la eg merke til at ingen unge er med i styret. Eg meiner det hadde vore greitt med i alle fall ein som kunne prate ungdommens sak her i bygda. Men eg likar meg veldig godt her i Bø uansett.

Til å vere ei ganske lita bygd har vi eit ganske bra tilbod for dei unge. Vi har Gullbring der vi kan gå på kino, bade eller trene. Eg brukar kinoen flittig, og gleder meg veldig til dei skal oppgradere den slik at vi kan sjå på 3D-kino, noko som eg ikkje har fått sjansen til å sjå enda.

Vi har eit veldig bra idrettstilbod her i Bø også. Eg har sjølv bruka nokre av dei. Eg har som dei fleste andre på min alder gått på fotball, og gått eit par år i skulemusikken.

Sjølv om vi har eit bra tilbod, er det fortsatt rom for forbetringar. Eg las for ei stund tilbake om nokre ungdommar som ville ha ein ny skatepark her i Bø. Eg veit ikkje heilt om politikarane har bestemt seg for å gje dei denne, men eg har fått med meg at dei har rive rampa nede i Evjudalen, så kanskje det skjer noko. Eg vil nok aldri bruke den nye skateparken sjølv og skulle heller likt at pengane gjekk til noko som litt fleire kan ha nytte av. Ein ny idrettshall, som det har vore ein del snakk om, hadde nok blitt tatt litt betre imot av meg.

Eg fekk sertifikatet for bil nyleg, og eg sykklar ein del fram og tilbake til skulen, så eg interesserer meg litt for asfalt. Eg blir veldig fornøgd når politikarane endeleg bestemmer seg for å leggje ny asfalt, spesielt på vegar eg brukar mykje eller stader der det er veldig dårleg. Vegstandaren i Telemark er vel generelt sett veldig dårleg, så eg meiner at det burde satsast meir på vegutbygging. Likevel synest eg at vegane i fylket har forbetra seg ein del samanlikna med for nokre år tilbake.

«Eg sykklar ein del fram og tilbake til skulen, så eg interesserer meg litt for asfalt»



Politisk interessert. Reihan Ibrahimi er politisk interessert og takka ja til åttandeplassen på Aps liste då ho fekk

Minoritetsrepresen

Reihan Ibrahimi representerer ungdom, kvinner og ikkje-vestlege innvandrarar og dermed tre grupper som er underrepresenterte på årets kommunevallister.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 930 13 853

Ho står på åttande plass på Arbeiderpartiets (Ap) liste, og med ei slik plassering er det sjansen for at Ibrahimi kjem til å møte i kommunestyret innimellom. Ap hadde sju representantar etter sist val.

Som Bø blad skreiv i førre veke er kvinner dårleg representert på listene til kommunestyrevalet, spesielt på toppen. Det er også dei unge. Med sine 21 år er Ibrahimi den yngste på kommunestyrelistene i Bø.

Fem i 20-åra

Det er faktisk berre fire av liste-kandidatane som er i 20-åra (me har gått ut frå fødselsår, og ikkje teke omsyn til dato i utrekninga). Dei andre er partifellane til Ibrahimi, Karin Hagen (26) Gerd Sunniva Storhaug (22) og Silje Taugbøl Dalen (25). I tillegg har Frp Stian Hegna på 28 år på lista. Berre Hagen er på nokolunde sikker plass.

Gjennomsnittsalderen totalt er 50 år for alle kandidatane. Går ein inn og ser på eit kommunestyre med dagens fordeling mellom partia og kandidatane som står på tilsvarande plassar ved haustens val, så blir gjennomsnittsalderen 49 år.

SV-arane eldst

Den «eldste» lista er SV si, med ein gjennomsnittsalder på 56 år. Men her står elles to av dei «yngste» kandidatane, på 49 og 46 år,

på toppen. Ap-lista har ein snittalder på 49 år, Venstre på 52 år, KrF det same, Høgre kjem ut på 54 år og Frp på 47 år. Den yngste lista har Sp med 42 år som snittalder på kandidatane. Ti av liste-kandidatane er i trettiåra.

Den eldste kandidaten er det Høgre som har, Arne Bergan er fødd i 1925 og vil ved utgangen av året vere 86 år. Bergan står på siste plass, som nummer 20.

Overrepresentert

Ved førre val utgjorde dei mellom 40 og 59 år 57 prosent av representantane i kommunestyra på landsplan, medan aldersgruppa utgjorde 35 prosent av dei som var valbare. Overrepresentasjonen var størst for menn mellom 35 og 65 år, alt ifølgje tal frå SSB. Det var spesielt kvinner over 60 år og dei under 30 år som var minst representert.

I Bø utgjør gruppa 40 til 59 år



Veljartankar

- Skal du stemme?
- Kva er viktigast, parti eller person?
- Kva for sak er viktig for deg?



Sigrid Torgrimsen (87)
Pensjonist, Sentrum

- Ja.
- Eg ser mest til partia, om dei får gjort noko, men enkeltpersonar kan utmerke seg som flinke.
- Eg er opptatt av å få ein fast sosial møteplass for eldre i bygda.



Martin Rainer (31)
Vaktmeister, Breisås

- Nei, eg trur ikkje det.
- Eg har ikkje tru på verken parti eller politikarar.
- Kommunen må skape fleire arbeidsplassar og skaffe fleire bustader.



Synøve L. Halstensgård (18)
Elev, Stokland

- Ja, viss eg får førehandsstemme.
- Parti er enklare å relatere seg til enn personar.
- Eg er opptatt av korleis kommunen ser ut – estetikk i sentrum.



Arne Homme (57)
Kyrkjeverge, Breisås

- Ja.
- Eg skjelar til personar på vallistene, nesten uavhengig av parti.
- Oppvekstvilkår for barn og unge.



...k tilbudet.

ntanten

51 prosent. Det kan sjå ut som om gruppa over 60 år er litt større enn landssnittet ved siste val. Altså at listekandidatane i Bø er litt eldre. Det er ikkje oppgitt gjennomsnittsalder i SSB si oversikt.

Få ikkje-vestlege

Tal frå SSB viser òg at ved førre val var to prosent av det totale talet kommunestyrerepresentantar innvandrarar. Om lag to tredeler av dei igjen var frå ikkje-vestlege land. Ifølgje tal frå SSB utgjer innvandrarar totalt rundt ti prosent av folketalet.

Tre av fire frå ikkje-vestlege land representerer Ap eller SV. På kommunestyrevallistene i Bø, vurdert ut frå namn, er det tre ikkje-vestlege representantar. I tillegg til Ibrahim er det to til på Ap-lista, Kolum Aghilyani på plass nummer 23 og Mohamed Ibrahim på plass nummer 24.

– Det er mor og far, smiler

Reihan Ibrahim.

Reihan er kurdar frå Iran. Ho kom til Noreg og Bø for elleve år sidan.

Interessert i politikk

– Eg er veldig interessert i politikk. Eg vil at unge og ungdom med annan kulturbakgrunn skal vere representert, seier Ibrahim.

– Når eg vart spurt ville eg gripe sjansen, held ho fram.

I tillegg til full jobb på Bingen jobbar ho på sjukeheimen. Dessutan er ho veldig engasjert i fotball og vil eigentleg helst vere ein vanleg Bø-representant i politikken.

– Har du fått reaksjonar på listeplasseringa?

– Nokre har reagert på at eg står så høgt oppe. Andre har sagt at det er bra at ein ung og engasjert framandkulturell står der. For meg er det viktigast at dei næraste støttar meg, seier Ibrahim.



Jeanette Nåvik (26)

Esso-medarbeidar, Sentrum

– Kanskje. Viss det er nokon vits.
– Eg må halde meg til parti, for eg kjenner ikkje så mange politikarar.
– Eg håpar at me får eit skikkeleg idrettsanlegg på Nordbøåsen snart.



Hans Kåre Norheim (55)

Mekanikar, Svenseid

– Parti, for eg kjenner ikkje så mange på vallistene.
– Politiske saker er viktige, så kjem partiet.
– Eg er opptatt av å halde på arbeidsplassar heile året.

Sommer

Meny:

Sommer pris!

Gilde/Prior Grillpølser
600 g. (33,25/kg). Valgfri miks.

2 for **39⁹⁰**



Sommer pris!

Fersk naturell/marinert Laksefilet
125g porsjon. (119,20/kg).
Fra fiskedisken.

14⁹⁰
pr stk



Våre egne grillklare spesialiteter

Hver dag i sommer lager Meny's kokker et stort utvalg av grillklare spesialiteter som du kan legge rett på grillen.

Sommer pris!

Amerikansk **Hamburger**
ca 200g rå. (99,50/kg)

19⁹⁰
pr stk

Baconsurret kyllingfilet
fylt med brie og timian.
Fra kjøttdisken. Pr kg.

199⁰⁰

Baconsurret indrefilet av svin
fylt med kremost.
Fra kjøttdisken. Pr kg.

229⁰⁰

Benfri svinekotelett
m/chorizo og tomatpesto.
Fra kjøttdisken. Pr kg.

129⁰⁰



Tilbud

Mango
Spisemoden. Peru.

14⁹⁰
pr stk



Tilbud

Blomkål
Spania.

16⁹⁰
pr stk



Vi har alle Folkets Sommerfavoritter!



Vi tar forbehold om eventuelle trykkfeil og prisjusteringer.



Du får så mye mer